

Årsmøte i Jordvern Norge 30. november 2024

Før årsmøte vart det arrangert ein konferansedel der me tok opp aktuelle jordvernsaker.

- Korleis kan me ta betre vare på dyrka og dyrkbar jord? Korleis kan samferdsleprosjekt ta betre vare på matjorda? Ved Sigbjørn Gjelsvik, leiar i Stortingets samferdslekomité
- Korleis forankre jordvernmålet i kommunanes daglege politikk? Ved Kristine Lien Skog, instituttleiar Institutt for by- og regionsplanlegging, NMBU
- NIBIOs jordvernarbeid, ved Arne Bardalen, spesialrådgjevar NIBIO

Saker til handsaming:

1-24 Godkjenne innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Godkjennast.

Protokoll:

Vedtak: Godkjend

2-24 Velgje møteleiar

Forslag til vedtak: Olaf Gjedrem

Protokoll: Olaf Gjedrem

Vedtak: Olaf Gjedrem

3-24 Velgje 2 til å underskrive protokoll, saman med møteleiar

Forslag til vedtak:

Protokoll: Alexander Rügert-Raustein og Kaja Langvik-Hansen

Vedtak: Alexander Rügert-Raustein og Kaja Langvik-Hansen

4-24 Behandle årsmelding 2023-2024

Vedlegg: Sak 4 Årsmelding

Forslag til vedtak: Årsmeldinga Godkjennast.

Protokoll: Jordvern Norge er også med i ressursgruppe om viktige jordbruksareal og eitt prosjekt med KS. Det tilførast årsmeldinga.

Vedtak: Årsmeldinga godkjennast med tillegg.

5-24 Rekneskap 2023 og 2024

Vedlegg: Sak 5 Rekneskap 2023 og Rekneskap 2024 til november

Av tekniske årsaker vert den endelege rekneskapen for 2023 handsama av årsmøte i 2024, etter å ha vore godkjend frå januar-november i årsmøte 2023. Styret har fått årsmøtes godkjenning til å ferdigstille rekneskapen slik den kan verte nytta til rapportering til staten i juni.

Behandle rekneskap for 2024 januar-november

Forslag til vedtak: Rekneskapen for 2023 vert godkjend. Rekneskapen 2024 januar-november vert mellombels godkjend. Den ferdigstillast av styret og vert lagt fram for endeleg godkjenning i årsmøte 2025.

Protokoll: Årsmøtedelegatane stilte spørsmål om prosjekta og signatur av rekneskapen. Det vart spørsmål frå Jordvern Rogaland om korleis me gjer reide for pengebruken i Digitale Jordvernverktøy.

Vedtak:

Rekneskapen for 2023 vert godkjend. Rekneskapen 2024 januar-november vert mellombels godkjend. Den ferdigstillast av styret og vert lagt fram for endeleg godkjenning i årsmøte 2025.

6-24 Behandle arbeidsplan for 2025

Vedlegg: Sak 6 Arbeidsplan

Forslag til vedtak: Arbeidsplan for 2025 godkjennast.

Protokoll: Årsmøtedelegatane løfta fram behovet for kommunikasjonsarbeid, erfaringsveksling og verving.

Det vart føreslått eitt punkt 3.1.1 : “Jordvern Norge hjelper fylkeslaga med å finne gode måter til å følge opp medlemmer og verving gjennom erfaringsutveksling mellom fylkeslaga”

Vedtak: Arbeidsplan for 2025 godkjennast med tilføyd punkt 3.1.1 : “Jordvern Norge hjelper fylkeslaga med å finne gode måter til å følge opp medlemmer og verving gjennom erfaringsutveksling mellom fylkeslaga”

7-24 Behandle budsjett for 2025

Forslag budsjett Jordvern Norge 2025		
Budsjett Jordvern Norge 2025		
Inntekter:		Note:
Tilskot over statsbudsjett	kr 75 000,00	7
Sponsormidler, private aktørar	kr -	
Prosjektmidler Bærekraftfondet	kr -	6
Sum:	kr 75 000,00	
Utgiftar:		
Sekretariat	kr 50 000,00	1
Digitale verktøy og kontorrekvisita	kr 20 000,00	2
Profileringsmateriell	kr 7 000,00	
Årsmøte i Jordvern Norge	kr 35 000,00	3
Styremøter	kr 20 000,00	4
Andre reisekostnadar	kr 15 000,00	5
Jordvernkonferanse og andre fagmøter	kr -	
Prosjekt Digitale jordvernverktøy	kr -	6

Sum:	kr 147 000,00	
Årsresultat:	-kr 72 000,00	

- 1: Kostnad til sekretariat
- 2: Domene til nettsted, abonnement og liknande
- 3: Reisekostnadar og andre møtekostnadar
- 4: Reisekostnadar og andre møtekostnadar ved fysiske møte.
- 5: F.eks deltaking på eksterne prosjekt, møter i fylkeslag eller liknande

6: Prosjekt Digitale jordvernverktøy er støtta av Bærekraftfondet og vart betalt i tidlegare år

7: Justerast i tråd med statsbudsjettet. I forslag til statsbudsjett for 2025 er det ikkje lagt inn støtte til JN, men me arbeider for å komme inn. Kjem me ikkje inn må det gjerast ytterlegare innstrammingar i budsjettet.

Forslag til vedtak: Budsjett for 2025 vert godkjend. Styret får fullmakt til å justere budsjettet i tråd med statlege overføringar.

Protokoll:

Vedtak: Budsjett for 2025 vert godkjend. Styret får fullmakt til å justere budsjettet i tråd med statlege overføringar.

8-24 Velgje styre, revisor og valkomité

Forslag til vedtak:

Valnemnda si innstilling til nytt styre i Jordvern Norge

Valnemnda har i sitt arbeid bla. teke omsyn til følgjande: Finna gode kandidatar til noverande og framtidig leiande verv, sikre at styre har medlemmer med ulik, men relevant fagleg kompetanse og organisasjonsbakgrunn, sikre at både landbruk og naturinteresser vert ivaretekne i styret, rekruttere styremedlemmer med god geografisk bredde, ei sunn og god kjønnsfordeling i styret m.m.

Valkomiteen nyttar høvet til å takke Olaf Gjødrem for sin innsats som leiar i 4 år.

Valnemnda har følgjande innstilling:

Øyvind Kjølberg, Akershus, leiar, på val for 1 år

Hildegunn Marie Tønnessen Seip, Agder, ny- på val for 2 år

Åse Helene Monsø, ikkje på val

Olav Martin Synnes, ny- på val for 2 år

Norges Bondelag har oppnemnd Trond Bjørkås som sin representant.

1.vara Ann Norderhaug, Vestfold, attval for 1 nytt år

2.vara Øystein Haugerud, Buskerud, attval for nytt 1 år

Revisorar:

Arne Nøkland, attval for 1 nytt år

Borgar Kaasa, Telemark ny-på val for 1 år

Protokoll:

Som nytt medlem i valnemnda: Gunnar Hangeland, Jordvern Agder

Vedtak:

Øyvind Kjølberg, Akershus, leiar, valt for 1 år

Hildegunn Marie Tønnessen Seip, Agder, valt for 2 år

Åse Helene Monsø, ikkje på val

Olav Martin Synnes, ny- valt for 2 år

Norges Bondelag har oppnemnd Trond Bjørkås som sin representant.

1.vara Ann Norderhaug, Vestfold, attvalt for 1 nytt år

2.vara Øystein Haugerud, Buskerud, attvalt for nytt 1 år

Revisorar:

Arne Nøkland, attvalt for 1 nytt år

Borgar Kaasa, Telemark ny- valt for 1 år

Som nytt medlem i valnemnda: Gunnar Hangeland, Jordvern Agder

9-24 Uttale frå årsmøte

Vedlegg: Sak 9 Uttale frå årsmøte

Forslag til vedtak: Uttala vert godkjend og kunngjort.

Protokoll: Følgande forslag vart fremma:

Hanne Bredde Vik: Endring av avsnitt 5, til: «Alle kommunar ~~skal~~ ~~bør~~ ha jordvernplanar. Staten gir økonomisk støtte til dette. Desse planane må innehalda krav om gjenbruk av mold som vert fjerna ved utbyggingar av alle slag.»

Alexander Rügert-Raustein: “Me viser til fagmiljøet i NIBIO samt forsøksrekka gjennomført som viser dei destruktive konsekvensar av feil handtering av matjord ved flytting. Det er skriva ein vegleiar for jordflytting basert på disse erfaringar. Den bør, gjennom bestemningar, leggast til grunn som faggrunnlag ved vurdering av tilstrekkeleg kompetanse av utførande entreprenørar og for gjennomføring av tiltak.

https://nibio.brage.unit.no/nibio-xmlui/bitstream/handle/11250/2454793/NIBIO_BOK_2017_3_4.pdf?sequence=2&isAllowed=y#page42

Vedtak: Uttala vert godkjend med merknadar. Styret tilpassar teksten til innspela og kunngjer den.

Kl. 15.30 – Årsmøtet vart heva.

Signaturar:

Alexander Rügert-Raustein

Kaja Langvik-Hansen

Are Hauge Braaten, referent